

Årsmelding

for Aurland fjellstyre

2009



**Aurland fjellstyre,
februar 2010**

FØREORD

I denne årsmeldinga har me prøvt å ta med det viktigaste av det som fjellstyret har arbeidd med i året som har gått, i tillegg til oversiktar over fiskefangst, felte reinsdyr, hjort og ryper o.a. Årsmeldinga ligg ute på fjellstyret si nettside www.aurland-fjellstyre.no. Der finn ein og meir informasjon om tilboda i statsallmenningane i Aurland.

Aurland, den 16.2.10

Per Dale
fjellstyreleiar

Anne Karin Buene

Osvald Turlid

Bente Steine

Olav Grønsberg

INNHALDSOVERSIKT

1.	FJELLSTYREARBEID OG –SAKER I 2009	side	3
2.	OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING	"	4
3.	FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE	"	5
4.	FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR	"	5
5.	REIN OG REINSJAKT	"	6
6.	ELG- OG HJORTEJAKT	"	7
7.	SMÅVILT	"	8
8.	FISKE	"	9
9.	ØKONOMI	"	10

Vedlegg:

- Fangststatistikk fiske, Aurland statsallmenning 2009
- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2009
- Fjellstyrerekneskapen for 2009

Framsidedeilete:

- Vinterryper i Bruahalli (foto Harald Skjerdal)
- Fjellaurefangst teken på fjellstyresluken (foto Øystein Flaget)

1. FJELLSTYREARBEID OG SAKER I 2009

3. februar:

- 1/09. Referat og meldingar
- 2/09. Fjellstyret si årsmelding for 2008
- 3/09. Fjellstyrerekneskapen for 2008
- 4/09. Møteplan for 1. halvår
- 5/09. Søknad om tilskot – Stålring Skyttarlag
- 6/09. Søknad om fellingsløyve for rein til jaktkarusellen 2009

10. mars:

- 7/09. Referat og meldingar
- 8/09. Aurland jakt- og fiskelag, søknad om tilskot til lagshus
- 9/09. Utfiskingsprosjekt i Katlamagasinet og andre vatn med for tette fiskebestandar
- 10/09. Omfanget av naudsynt kvelds- og helgearbeid for fjelloppsynet
- 11/09. Pris for overnatting på fjellstyrehyttene
- 12/09. Transport til heller ved store Vargevatnet, uttale til Aurland kommune

14. april:

- 13/09. Referat og meldingar
- 14/09. Avtale med dei tilsette om ordning som gjeld verneombod etter arbeidsmiljølova § 25
- 15/09. Premiering av uttak av "skrapdyr" under reinsjakta

9. juni:

- 16/09. Referat og meldingar
- 17/09. Trekking av fellingsløyva for villrein
- 18/09. Fastsetjing av nye prisar på småviltjakta i statsallmenningen
- 19/09. Plan for fiskeutsetjinga i statsallmenningen i 2009

10. november:

- 20/09. Referat og meldingar
- 21/09. Reinjakta, fellingsresultat m.m. Trekking av fellingsløyve for 2010 mellom dei som har felt små simler eller kalvar under jakta i år
- 22/09. Utkast til ny samjaktavtale for Nordfjella
- 23/09. Campus Aurland - underskriving av avtale
- 24/09. Oppsynsbudsjett for 2010

2. desember:

- 25/09. Referat og meldingar
- 26/09. Kommunale retningslinjer for motorisert ferdsle i utmark og på vassdrag – høyrings sak
- 27/09. Praksis omkring fellingsløyva for simple/ungdyr og kalv i Aurland statsallmenning
- 28/09. Fjellstyrebudsjettet for 2010
- 29/09. Val av revisor for fjellstyret

I tillegg til desse møta, skipa fjellstyret til jegermøte i august, saman med grunneigarlaget for villreinvald. Det var omlag 50 deltakarar på jegermøtet.

Elles er fjellstyret representert i følgjande organ:

- Villreinutvalet for Nordfjella, styret (Per Dale)

- Aurland setjefisk BA, styret (Anne Karin Buene)
- Aurland fiskeadministrasjon, styret (Håkon Øydvin)
- Regionalt oppsynsutval for Nordfjella/Hardangervidda (Per Dale)
- Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda (observatørstatus)
- Rådgjevande utval for verdsarvområdet Nærøyfjorden (Harald Skjerdal)
- Fjellstyret står tilslutta Norges fjellstyresamband

Tilskot til allmennyttige føremål:

Fjellstyret løyvde i 2009 tilskot frå fjellkassa til følgjande allmennyttige føremål:

- Aurland jakt- og fiskelag, lagshus på Onstad (kr. 10.000)
- Stålring skyttarlag, elektroniske skiver 200 m. (kr. 5000)

2. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING

Fjellstyret har desse tre tilsette:

Harald Skjerdal (dagleg leiar)	50 % stilling
Håkon Øydvin (fjellopsyn)	100 % stilling
Øystein Flaget (fjellopsyn)	50 % stilling

I tillegg vert det leigt inn noko sommarhjelp, hovudsakeleg til fiskeanlegget.

Av i alt **3491** timeverk var **1524** timar arbeid for fjellstyret/Aurland statsallmenning, medan **1967** timar vart utført for andre oppdragsgjevarar. Oppdragsmengda auka med omlag 300 timar i høve til året før. Våren 2009 deltok fjellopsynet på eit kurs i kulturminneregistrering. Dette vart skipa til av Aurland folkebibliotek i samarbeid med fjellstyret m.fl. Kurshaldar var Per Jordhøy frå NINA.

Fordeling av den delen av arbeidstida som galdt "andre oppdragsgjevarar" i 2009:

Oppdragsgjevar	Arbeidsoppgåver	Timar
Aurland Setjefisk BA	Driftsansvar setjefiskanlegg, stamfiske, fiskeutsetjing	687
Villreinutvalet for Nordfjella	Sekretærarbeid, teljingar, jakttoppsyn	483
Statens Naturoppsyn	Rovviltkontakt, oppsyn, skjøtselsoppdrag	640
NINA	Merkeprosjektet for villrein	114
Elveigarlag, grunneigarlag, E-Co Vannkraft.	Fiskeoppsyn, fjellopsyn, el-fiske Aurlandselvi	43
	Totalt:	1967

3. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE

I tida 8. – 11. september vart det halde fiskedagar i Stemmerdalen for skuleklassane på småskulesteget (1.-4. kl) på ABU og prøvefiske i store Vargevatnet med 7. klassen. Fjellopsynet stod for opplegget, med hjelp av lærarar ved ABU. Over 60 ungar deltok desse dagane. På fiskedagane er ungane med og trekkjer garn, gjer opp fisken og steikjer fisk på steinhelle over bål. Tiltaket har etterkvart vorte ein tradisjon, sidan det er gjennomført kvart år sidan slutten av 1990-talet. Tilskot frå regionalt oppsynsutval (ROU) er med og finansierer tiltaket.

4. FJELLSTYREHYTTTER, NAUST OG BÅTAR

Fjellstyret har no 5 opne hytter som alle som ynskjer det kan nytta mot å betala ein overnattingspris på kr. 80 per person (gratis for born og ungdom under 20 år).

- Storebotnhytta (bygd i 1982, 7 sengeplassar)
- Melahytta (bygd i 1983, 14 sengeplassar)
- Hellenuthytta (bygd av Oslo Lysverker i 1965, 6 sengeplassar)
- Mellomvasshytta (bygd i 1985-86, 6 sengeplassar)
- Berdalsbu (overtaken frå E-co Vannkraft i 2008 og flytt til ny tomt, 4 sengeplassar)

I tillegg eig fjellstyret desse hyttene:

- Gjetarhytte i Brubotn (bygd av Oslo Lysverker i 1966, overteken av fjellstyret i 1992. Base for sesongoppsyn/gjetar)
- Utleiehytte i Håbergsholene (overtaken av fjellstyret frå Statnett i 2006, vert leigd ut til interesserte, 10 sengeplassar, leigepreis fastsett av fjellstyret)

Arbeid på fjellstyrehyttene i 2009:

Storebotnhytta:

Det vart kjøpt inn og installert solcelleanlegg. Hjortejaktlaget stod for arbeidet med installering.

Brubotnhytta:

Det vart sett inn pumpe og trykktank for å gje sikrare vasstilførsle.

Berdalsbu:

Det vart køyrt inn materialar til utedo, som skal setjast opp til våren/sommaren.

Nordheimsdalen

I 2008 vart det inngått ein avtale mellom fjellstyret og allmeningsstyret for Nordheimsdalen, som inneber at fjellstyret får disposisjonsretten til dei hyttene som allmeningsstyret eig i dalen, mot å halda dei vedlike. I avtalen heiter det at desse hyttene kan drivast som vanlege fjellstyrehytter. Siste året vart det sett i gang arbeid med å restaurera den gamle hytta nede ved sjøen, som har vore i bruk i samband med saga som låg der. Ein kom godt i gang med å fjerna jord og stein som hadde lagt seg innåt veggen på oppsida. Restaureringa skjer i samsvar med ein plan som er godkijend av Norsk Kulturminnefond. Fondet har og løyvt eit tilskot på kr. 80.000 til prosjektet. SNO (Statens naturoppsyn) dekkjer fjellstyret sine arbeidskostnader i samband med dette prosjektet.

I hytta i Brendelid er det lagt nytt golv i gangen, etter at gamle, rotne golvåsar vart erstatta med nye. Deler av veggen på oppsida av gangen vart og skift ut. Litt arbeid står att med golvlegging. Alle glas i hytta vart kitta opp att. Også dette arbeidet vert dekt av skjøtselstilskot frå SNO. Det vart kjøpt og frakta ut eit propanapparat, og lagt ei ny stålplate under omnen.

Naust og båtar

Fjellstyret hadde dette året 10 båtar liggjande ved vatn i allmenningen, til bruk i samband med fiske:

- Nedste Storebotnvatnet (naust og båt)
- Hellenutvatnet (naust og båt)
- Holmavatnet (naust og båt - båten tilhøyrrer Aurland jakt- og fiskelag)
- Nyhellervatnet (båt i fiskesesongen)
- Langavatnet ved Kongsheller (båt)
- Svartavatnet (båt)
- Mell. Mellomvatnet (båt)
- Nedste Grovgjuvatnet (båt - skal flyttast til eit anna vatn i 2010)
- Katlamagasinet (båt i fiskesesongen)
- Fremste Melavatnet (båt, ny i 2007)

Det ser ut til at båtane stort sett vert tekne godt vare på, og held seg bra, også dei som vert lagra ute om vinteren. Det krev ein viss innsats av oppsynet om hausten for å sjekka at alle båtar ligg trygt før vinteren. Det er sett av pengar i budsjettet for 2010 til ein båt til. Eit aktuelt vatn for plassering av denne vil vera nedre Berdalsvatnet, eventuelt Alvsvatnet.

5. REIN OG REINSJAKT

Det kom inn 226 søknader om jaktløyve frå innanbygdsbuande jegerar, på dei 88 løyva som fjellstyret disponerte. Sidan praksis er at simle- og kvalvekorta vart slegne saman, var det berre 56 jegerar som fekk tilbod om jakt. Eitt fridyrskort vart som vanleg gjeve som "gullerot" til jaktkarusellen som skyttarlaga skipar til saman med jakt- og fiskelaget, for å stimulera til auka deltaking. Søknadsmengda til fjellstyret sine jaktløyve har ikkje vore så stor sidan midt på 1980-talet. Dette tyder på at det gode rekrutteringsarbeidet som skyttarlaga og jakt- og fiskelaget driv ber frukter.

Fjellstyret innførde dette året, i samarbeid med grunneigarlaget, ei ordning der ein premierer jegerane som skyt dei minste simlene og kalvane – såkalla skrapdyr - ved at ein av dei, etter trekning, får tildelt fellingsløyve for simle/ungdyr og kalv til jakta neste år. Fjellstyret vurderer no å skilja kalvekorta frå simle-/ungdyrkorta, for å gje fleire søkjarar høve til å koma seg på jakt. Dette vert teke stilling til i god tid før neste tildelingsrunde.

Jakta 2009

I Aurland var det mindre dyr denne jakta enn det me har vore vane med etter årtusenskiftet, noko som gav utslag i lågare fellingsprosent enn me har hatt dei siste åra. Tidleg i jakta stod hovudyndga av flokkane i Austfjelli langt aust i villreinområdet. På slutten av jakta kom dei vestover att, men vart ståande mykje nord for grensa mellom Aurland og Lærdal. Av flokkane i Vestfjelli reiste kring halvparten sør-vestover mot Ulvik, ut or villreinområdet, tidleg i jakta. Desse vart verande på andre sida av Bergensbana til lenge etter at jakta var slutt, og vart såleis lite jakta på.

I Aurland nordre statsallmenning vart det berre felt 2 dyr. Det vart heller ikkje sett meir dyr enn dette under jakta i områda vest for fjellvegen Aurland –Erdal.

Samjaktavtalar

- Samjaktavtalen mellom alle statsallmenningane og ein del private jaktfelt i Nordfjella vart nytta i same form som året før. Nokre dyr vart felte i Aurland av utanbygds jegerar som kom inn i medhald av avtalen. Teksten i denne avtalen er under revidering, med sikte på å få til ein enklare ordlyd i ein fleirårig avtale som skal gjelda frå jakta 2010.
- Tidlegere avtalar som har vore inngått mellom Aurland/Ål og Aurland/Ulvik vart mindre aktuelle, etter at avtalen nemnd ovanfor kom i stand, og er å sjå på som "sovande."
- Samjaktavtalen mellom statsallmenningen og alle privateigde felt i Aurland galdt til og med jakta 2009, då 5-årsperioden som avtalen var inngått for gjekk ut. Avtalen må godkjennast for ein ny periode for at han skal gjelda for jakta 2010.
- I tillegg galdt også dette året ei ordning med at innanbygd jegerar kunne få påskrift på fellingsløyve frå nabokommunane slik at desse løyva kunne nyttast i Aurland. 45 kort, fordelt på 27 jegerar, fekk slik påskrift.

Fellingsresultatet for Aurland statsallmenning, totalt for Aurland og for heile Nordfjella villreinområde jakta 2009:

	Aurland statsallm.	Aurland totalt	Nordfjella
Vaksen bukk	8	23	92
Bukk 1 ½ år	3	7	26
Bukkekalv	2	5	20
Vaksen simle	20	33	99
Simle 1 ½ år	1	3	6
Simlekalv	2	4	22
Felt i alt	36	75	265
Tildelt kvote	88	184	700
Fellingsprosent	40,9 %	40,8 %	37,9 %

6. ELG- OG HJORTEJAKT

I Aurland nordre Statsallmenning vart det tildelt 11 hjorteløyve og 1 elgløyve, det same som tidlegare år. Jaktlaget (Aurland jakt- og fiskelag) som disponerte det øvre jaktfeltet med 7 hjorteløyve felte 6 dyr. I det nedre feltet vart det felt 2 (av 4). Elgen vart ikkje skoten dette året.

Det nedre feltet skal lysast ut att for ein ny periode no til våren, medan jakt- og fiskelaget har att 2 år av kontraktstida for det øvre feltet (over 600 m.o.h.). Kommunen har opna for at det kan godkjennast hjortevald opp til 1100 m.o.h. Fjellstyret vil no i vinter gjera ei vurdering av om det skal leverast ein søknad om ny godkjenning av valdet, med utvida valdgrensar. I Storebotnen og Kolarbotnen er det store område som ligg mellom skoggrensa og 1100-koten. Ei eventuell endring vil såleis utgjera mange fellingsløyve.

7. SMÅVILT

Trenden med låg tettleik i småviltbestanden ser ut til å halda fram. 2003-2004 var dei siste åra med gode bestandar av rype i områda våre. Fjellstyret informerte på nettsidene om dei dårlege utsiktene for småviltjakta. Kortsalet vart likevel større enn det var i 2008.

Fordelinga av selde jaktkort i 2009 og dei to føregåande åra:

	2009	2008	2007
1 dag	47	47	63
2 dagar	74	40	91
3 dagar	41	38	40
1 veke	16	8	15
Sesong	33	29	24
Sum:	211	162	233

Innkomne rapportar frå jegerane viser følgjande innrapporterte felling av småvilt i 2009 og dei 6 føregåande åra:

År:	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003
<i>Tal rapportar</i>	41	17	74	76	93	124	93
<i>Tal jakt dagar</i>	97	32	139	152	225	298	260
<i>Felte ryper pr. jakt dag</i>	0,7	0,8	0,6	0,6	1,0	1,0	1,2
Felt vilt:							
<i>Fjellrype</i>	60	25	74	80	192	257	282
<i>Lirype</i>	3	1	4	15	28	36	17
<i>Hare</i>	2	1	2	2	8	8	12
<i>Villmink</i>	-	-	-	-	1	-	-
<i>Raudrev</i>	-	-	-	-	-	1	-
<i>Røyskatt</i>	-	-	-	-	-	-	7
<i>Ramn</i>	1	-	-	-	-	-	1
<i>Kråke</i>	2	-	-	-	-	-	-

8. FISKE

Sommaren 2009 går over i soga som ein nokså våt og regnfull sommar. Likevel var interessa for stongfisket i statsallmenningen rekordstor. Fiskekortsalet var større enn nokon gong tidlegare. Interessa for garnfiskekorta til fjellstyret låg meir på vanleg nivå, med 116 innanbyggsbuande som løyste sesongkort.

Tal frå fangststatistikken for 2009:

Selde garnkort:	116	
Innlevert fangstrapport:	114 (98 %)	
Tal garnnetter:	1852	
Tal fisk:	5251	(av dette 151 på stong)
Kg. fisk	2148 kg	(" " 56,5 kg på stong)
Største fisk:	1,8 kg	
Fiskeinnsats pr. fiskar	19,9 garnnetter	
Sesongfangst pr. fiskar	22,4 kg (gjennomsnitt av dei som har fiska)	
Fangst pr. garnnatt:	1,13 kg (2,7 fiskar)	
Gjennomsnittstorleik:	0,46 kg (0,41 kg når ein tek med fangsten i tynningsfiske)	

Tynningsfiske

Ettter grundig handsaming i fjellstyret på vårparten vedtok fjellstyret å setja i gang eit tynningsfiske i nokre vatn i allmenningen, der ein gjennom prøvafiske har konstatert at bestandane har vorte for tette. Det vart opna for å setja i gang med tynningsfiske i Vestredalsvatnet, Katlamagasinet, nedre Berdalsvatnet og nedre Grovgjuvatnet. Gjennom "Aurlendingen" lodda fjellstyret interessa for å vera med som frivillig i eit slikt tynningsfiske, og det melde seg ein ungdom, Erlend Øydvin, som kunne stå for fisket saman med nokre kameratar. Fjellstyret skreiv avtale med han om å stå for fisket, mot at fjellstyret heldt garn, båt og hytte. Aurland Næringsutvikling AS støtta tiltaket ved å kjøpa inn sikringsutstyr og påhengsmotor. Tynningsfisket vart utført med 29-31 mm. garn. Det vart teke opp 535 fiskar i Vestredalsvatnet og 489 i Katlamagasinet under tynningsfisket, med samla vekt på 248 kg. I tillegg hadde fiskaren avtale med grunneigarar om å fiska i Viddalsdammen. Fangsten vart pakka, frosen ned og seld, for det meste til turistverksemdar i kommunen. Alt i alt må konklusjonen verta at prosjektet var særers vellukka. Det er venta at gjennomsnittstorleiken og kvaliteten på fisken i desse vatna vil auka alt til komande sesong, slik at vatna vert meir attraktive for dei som elles fiskar i allmenningen. Fjellstyret meiner at tynningsfisket bør halda fram i 2010, m.a. for å få fiska meir i vatn som det ikkje vart tid til å prioritera i 2009.

Prøvafiske

I eitt vatn i allmenningen vart det gjennomført prøvafiske sist haust – store Vargevatnet. Her viste fangsten at kondisjonen til fisken er i lægste laget, under 1,0. Dette tyder på at det også i dette vatnet vil vera trong for noko uttynning av bestanden med 29-31 mm garn.

9. ØKONOMI

Fjellstyret hadde i 2009 inntekter på kr.1.632.266 og kostnader på kr. 1.570.714. Dette gav eit driftsoverskot på kr. 61.552. Driftsoverskotet vert lagt til den frie eigenkapitalen.